



FORENINGEN BERGENDAL GÅRD  
c/o Cecilie Hansen Merkurvegen 7  
5099 BERGEN

Dato: 22.04.2016  
Vår ref.: 2016/18-69  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.:

## Avslag på søknad om tilskot til friluftsføremål 2016 kap. 1420 post 78 – Foreningen Bergendal gård - Bergendal gård som trekkplaster for fotturar

Det vert vist til dykkar søknad med frist 01.02.2016 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til friluftsføremål. Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka i møte 13.4.2013 – søknaden fekk diverre avslag.

### Grunngjeving

Klima og miljødepartementet har sett av kr 55 mill. til ordninga for 2016. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 1.750.000 til vidare fordeling. Det kom inn 48 søknader med ein samla kostnad på kr 12.017.105, søknadssum på kr 2.889.797 og tiltak i 19 kommunar. Kriteria Klima- og miljødepartementet har sett for ordninga ligg til grunn for fordeling av tilgjengelege midlar. Tildelinga er sett i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dykkar søknadar vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot retningslinene for ordninga. Den totale søknadssummen går langt ut over tilgjengelege midlar til fordeling.

**Tiltaket Bergendal gård som trekkplaster for fotturar er vurdert til å ikkje omhandle fotturar eller anna relevant friluftslivsaktivitet som hovudfokus. Tiltaka omhandlar difor ikkje prioriterte tiltak i høve retningslinjene i tilskotsordninga i stor nok grad.**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling sitt vedtak er lagt ved.

### Klage/partsinnsyn

Det er klagerett på vedtak om midlar til friluftslivsaktivitet, då desse er enkeltvedtak jf. forvaltningsloven. Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Eirik Knive på epost [eirik.knive@hfk.no](mailto:eirik.knive@hfk.no) eller tlf. 55 23 91 66

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med vennleg helsing

Per Morten Ekerhovd  
konst. avdelingsdirektør Kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

Sakshandsamar: Eirik Knive, rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*